

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tillæggsliste til nr. 7

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr. 7

Herad: Gulen

Emne: Skav

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Dale

(adresse): Dalsøyra

G.nr. 51 Br.nr. 4



A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrivi etter Hans I. Dale, gardbr. h. v. Født 1881.

SVAR

1. Det er ikkje kjent at det hadde nokon innverknad på prisen om ei ku hadde fått skav eller ikkje, men dei gamle meinte at ei ku som hadde fått skav vart sterkeare, så ho stod seg betre når ho kom på beite om våren.
2. Ingen selde slaktekyr om våren, for då var dei alltid skrale og magre, så nokor slik tru kjenner ingen til her.
3. Er også ukjent.
4. Det vart brukt svært mykje skav her. Forteljaren meinte her vart brukt meir enn det som kjem fram i regelen frå Vest-Agder. Ein kunne kanskje seia at skav og ris var ein fjerdepart av foringa. Heile vinteren brukte dei skav attåt, men mest etter nyår.
5. Skavl vart nytta her og. Han såg ut om lag som på teikninga nedanfor. Ofte brukte dei elles berre kniv.



Sjå neste side.

Slik skavlen var laga her, var han lite brukande til anna arbeid, men forteljaren vil ikkje nekta at han kanskje kan ha vori brukta til utholing av trau t. d.

6. Ukjent her.
7. Dei aller fleste her hadde skavskog, men dei som ikkje hadde, fekk nok kjøpa eller leiga slik skog. Forteljaren kunne likevel ikkje fortelja nøgnare korleis dette vart skipa.
8. Ikkje kjent her.
9. Her er ingen almenning.

10401

10405

10. Ukjent. Truleg kunne dei få lov når dei bad om det, men dei hadde visst ingen rett til det.
11. Ordet er visst ukjent her. Det einaste er at forteljaren tykkjест hugsа at han som barn var med og leika ein leik dei kalla "å kasta med skavhella".
12. Ukjent.

NB. Her er ein noko annan type av skavlen som har vori brukta her.

